

Sauefjøs til 3 millionar teke i bruk

03.11.2012



Olav Hjetland Bringedal og avløysar Gaute Moberg i det hypermoderne fjøset

Flagget gjekk til topps på Myklebust i dag og grunnen var klar: Det var ein historisk dag både for sauebonde Olav Hjetland Bringedal og for jordbruket i Uskedalen: Etter berre eit halvt års byggjetid og ein investering på 3 millionar med moms tok han i bruk det nye saudefjøset sitt. Når det om få veker også blir installert foringsautomat kan det trygt kallast hypermoderne. Førebels skjer foringa manuelt.

- Og du sov framleis godt om natta?

-Eg har aldri sove så godt om natta som no. No får eg samla sauene på ein stad, svarar den unge og driftige sauebonden som så langt denne helga har flytta inn 120 dyr frå to stader i bygda. Til våren reknar han med å ha auka talet til 170 lamsauer. Men det nye fjøset skal vera noko å veksa i og kapasiteten er 240 dyr. Tidlegare har han hatt sauер på opptil 5 stader.

Med omsyn til den svært stutte byggjetida seier han at ho måtte vera stutt så kapitalkrevjande som det er å satsa på jordbruk i dette landet.

Korleis trivs så sauene i det rommelege og luftige nyfjøset? Bonden slår førebels fast at dei tydelegvis trivs bra. Dei er rolege og når dei dertil et godt må det vera grunn for bonden til å sova godt også den kommande natta.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

